Kunngjering – val på mellombels tilsette og studentar til fakultetstyre og instituttstyrer våren 2019 – forslagsfrist 8. april

Kvart år skal det veljast representantar for gruppe B (mellombels tilsette) og gruppe D (studentane) til fakultetsstyret og instituttstyra. Funksjonsperioden er frå 01.08.19 til 31.07.20.

Til fakultetsstyret skal det velgast 1 medlem frå mellombels tilsette (B) med vara, og 3 medlemmar frå studentane (D) med vara.

Til instituttstyret ved AHKR det skal veljast 1 medlem frå mellombels tilsette (B) med vara, og 2 studentar (D) med vara

Til instituttstyret ved LLE skal det veljast 2 medlemmer frå mellombels tilsette (B) med vara, og 5 studentar (D) med vara

Til instituttstyret ved FoF skal det veljast 1 medlem frå mellombels tilsette (B), og 3 studentar (D) med vara

Til instituttstyret ved IF skal det veljast 1 medlem frå mellombels tilsette (B) med vara, og 4 studentar (D) med vara

Valstyret har vedteke tidsplan for valet i 2019

Forslagsfrist er 8. april 2019. Dersom der ikkje er komne inn nok forslag innan fristen, vil valkomitéane tre i kraft og begynne arbeidet sitt.

Presentasjon av kandidatane på nettet skjer i veke 17/18

Valperiode: 29.04 kl. 09.00 til og med 10.5 kl. 12.00

Slik fremjar du forslag til medlemmer i fakultets- og instituttstyre:

- Forslag må være skriftleg
- Det må være underskrive av minst like mange forslagsstillarar som talet på kandidatar ein føreslår.
- Forslagsstillar må oppfylle kriteria for å ha stemmerett
- Ingen kan skrive under på meir enn eitt forslag
- Dei som blir føreslått må være valbare
- Dersom ein kandidat kan kreve seg friteken, må forslaget være vedlagt skriftleg samtykke frå kandidaten.
- **Forslagsfrist er seinast 8. april kl. 12.00**

Forslaga skal sendast til Valstyret ved HF, v/Arnhild Thorseth, Harald Hårfagresgt. 1, eller innskannast og sendast til arnhild.thorseth@uib.no.

Manntalsliste finn du her

Sjekk at du står i manntalet. For å kunne føreslå kandidatar eller stemme må du stå i manntalet, sjå § 6 i valreglementet for UiB.

Valreglementet

Valstyret ved HF